



Bø kommune

Handlingsplan for Den kulturelle skulesekken

2016-2019



Foto: Hanne Oellingrath/Bø kulturskule 2015

1. Nasjonal satsing på kunst og kultur til alle elever¹

Den kulturelle skolesekken er en nasjonal satsing som skal bidra til at alle skoleelever i Norge får møte profesjonell kunst og kultur av alle slag. Den kulturelle skolesekken er et samarbeidsprosjekt mellom Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet. Elevene og skolene skal gjennom ordningen få mulighet til å oppleve, gjøre seg kjent med og utvikle forståelse for profesjonell kunst- og kulturuttrykk av alle slag. Kulturtilbudene skal være av høy kvalitet og vise hele bredden av kulturuttrykk:

- Scenekunst
- Visuell kunst
- Musikk
- Film
- Litteratur
- Kulturarv

Den kulturelle skolesekken har vært en del av regjeringens kulturpolitiske satsing for grunnskolen siden 2001, og har etter hvert blitt utvidet til videregående skole. Dette betyr at alle elever – fra 1. til 10. trinn på grunnskolen, og fra 1. til 3. trinn på videregående skole er innlemmet i ordningen.

Organisering

Den kulturelle skolesekken er et samarbeidsprosjekt mellom kultur- og opplæringssektoren på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå, og omfatter alle skoler i Norge. Fylkeskommunen er ansvarlig for koordineringen regionalt, men kommunene har også mulighet for å utvikle sitt eget program. Det er stor variasjon i hvordan skolesekken organiseres på regionalt og lokalt nivå. Kulturdepartementet har ansvar for ordningen på nasjonalt nivå og fordeler spillemidlene årlig. Kulturdepartementet samarbeider med Kunnskapsdepartementet om å utvikle ordningen. Det daglige arbeidet med ordningen på nasjonalt nivå er lagt til Rikskonsertene som har fått et nytt mandat. Arbeidet med å etablere ny etat for Den kulturelle skolesekken foregår i 2016. Ny organisering skal være klart til 2017²

Økonomi

Den kulturelle skolesekken finansieres av spillemidler som fordeles av kulturdepartementet. I 2015 var summen 210 millioner kroner. Midlene deles ut etter at overskuddet fra Norsk Tipping er fordelt på vårparten. Midlene fordeles av kulturdepartementet til fylkeskommunene etter en fordelingsnøkkel som tar hensyn til geografi, demografi og infrastruktur. En tredjedel av midlene går direkte ut til kommunene, en tredjedel forvaltes av fylkeskommunene og den siste tredjedelen er fri til å fordeles av fylkeskommunen. Alle spillemidlene skal gå til kunst og kultur. Det er ikke lov å bruke spillemidler til administrasjon. Fylker og kommuner besørger derfor administrasjonen selv, i tillegg til at mange også legger i ekstra midler til produksjon av kunst og kultur. Skolesekkens samlede økonomi er derfor langt større enn potten med spillemidler.

Nasjonale aktører

Det finnes nasjonale aktører for alle kunstformer i skolesekken. Disse har som oppgave å sikre kvaliteten og utvikle sine felt. Noen av de nasjonale aktørene har produksjonsmidler å søke på for kunstnere. -Musikk: Rikskonsertene / Kulturtanken, -Film: Norsk Filminstitutt, -Scenekunst: Scenekunstbruket, -Litteratur: Litteraturbruket, Norsk forfattersentrum, -Kulturarv: Norsk kulturråd og Riksantikvaren, -Visuell kunst: Nasjonalmuseet.

¹ Denne innleiende delen om nasjonal DKS er henta på heimesida til [Den kulturelle skolesekken](http://www.denkulturelleskolesekken.no) www.denkulturelleskolesekken.no

² [Mandatet for ny DKS-etat kan du lese her.](#)

2. Organisering og ansvarsdeling i Telemark og i Bø kommune

Realiseringa av Den kulturelle skulesekken er avhengig av eit nært fagleg samarbeid mellom skule- og kultursektoren på alle dei tre forvaltningsnivåa. Arbeidet og organiseringa i Telemark er formalisert gjennom avtalar mellom dei ulike partane. Telemark fylkeskommune har ansvaret for regional samordning av tilboda og for kommunal innsats i tråd med nasjonale føringar. Som skuleeigar skal kommunane arbeide for å forankre DKS i den enkelte skule og gjennom dei lokale kulturinstitusjonane. Kommunane har ein lokal koordinator som sikrar samarbeidet mellom skule og kultur og kulturkontaktar ved alle skulane. Styringsgruppe og arbeidsgruppe blei oppnemnd i 2004 for å følgje opp arbeidet med DKS-planen og gjennomføringa i Bø kommune. Styringsgruppa består av einingsleiarar for dei tre grunnskulane, rektor i kulturskulen og einingsleiar for kultur (koordinator). Styringsgruppa skal ta det overordna ansvaret for planarbeidet og kome med innspel til arbeidsgruppa. Arbeidsgruppa består av kulturkontaktar frå dei tre grunnskulane, rektor i kulturskulen og einingsleiar for kultur (koordinator).

- DKS Telemark som er eit profesjonelt turnétilbod i regi av Telemark fylkeskommune.
- Eining for kultur sine profesjonelle tilbod og samarbeidsprosjekt; bibliotek, kulturskule, kino, museum og allment kulturarbeid.
- Dei lokale læreplanane og kulturplanar på kvar skuleeining.
- Lokale modular som er nye tilbod til elevar i grunnskulen utvikla i eit samarbeid mellom lokale kunstnarar/aktørar, grunnskulen og kultureininga.

DKS Telemark

Kommunane i Telemark har inngått ein løpande avtale med fylkeskommunen (2008) der det inngår profesjonelle tilbod til alle grunnskuleelevar kvart år innanfor uttrykka scenekunst, bildekunst, litteratur, arkitektur/design, film, kulturvern og musikk. Dette er ei ordning som sikrar at alle elevar i grunnskulen regelmessig får tilbod av høg kunstnarisk kvalitet. Ordninga er kostnads- og arbeidseffektiv for den enkelte kommune og skule.

Kultur i Bø kommune

I Bø kommune er det sett av midlar på kulturbudsjettet som skal dekke det årlege abonnementet (ca 40.000,-) overfor fylkeskommunen. Skulane dekker sjølv abonnement for skulekonserttilbodet. Kommunens eigne kulturtilbod og øvrige institusjonar og verksemder på kulturfeltet, utgjer eit mangfaldig tilfang av aktivitetar og opplevingar som kan utviklast innanfor rammene for lokale DKS-tiltak. Kommeunedelplan for kunst og kultur³ legg vekt på inkludering og integrering som vesentleg i kommunens kulturarbeid.

Bø bibliotek. Mediesamling: 37.500. Ope: 30 timar i veka mån-laur. Biblioteket er ein populær møteplass for barn og ungdom. Biblioteket gjennomfører i dag fast bibliotekoriering for 4. klassene og samarbeidsprosjekt med Gullbring barnehage, og det er god dialog og kontakt med skulane. Det er eit mål at biblioteket skal stimulere barn og ungdom til å lese og slik bidra til auka leselyst og leseferdigheit. Biblioteket kan utvide og legge ytterlegare til rette for leseaktivitetar i samarbeid med Bø-skulen innanfor den lokale handlingsplanen for DKS. Den Norske Litteraturfestivalen på Lillehammer har utvikla eit eige barne- og ungdomsprogram, Pegasus-programmet; og her er det mange gode idéar å hente⁴!

Nytt tiltak i DKS Bø: Forfattarbesøk, skriveverkstad, boksamtale med 6. og 10. trinn.

³ [Kommunedelplan for kunst og kultur 2015-2027](#)

⁴ Fra Den Norske [Litteraturfestivalens heimeside](#) om litteraturuke for skoler og barnehager.

Bø kino. Bø kino har om lag 39.000 besøk. Det blir vist film alle dagar i veka – også om sommaren. Kinoen er lokalisert til Gullbring kulturanlegg der det blir vist film i to salar. Tilbod om filmvisning med filmstudieark til skular i Sauherad og Bø på Den store skulekinodagen i februar kvart år.

«Barn og unges kjennskap til og bruk av audiovisuelle medier øker i takt med alderen. Gjennom tenåringstiden ser ungdom blant annet til filmen for idealer, idoler og verdier i utviklingen av egen identitet. Å kunne tilby et variert repertoar og et bredt filmsyn i skolen er derfor en viktig oppgave. (...) Å kunne forstå filmens estetikk og gi uttrykk for egne meninger, også gjennom film, er en viktig del av det å delta i et demokratisk samfunn. For denne aldersgruppen er møte med og veiledning av profesjonelle filmskapere en viktig og populær del av DKS-tilbudet. En sentral oppgave er derfor å sikre at prosjektene holder høy kvalitet.»⁵

Nytt tiltak i DKS Bø: 4., 7. og 8. trinn skal på kino kvart år på Skulekinodagen, og det blir gitt tilbod om filmstudieark og evt. møte med filmkunstnar.

Bø kulturskule. Kulturskulen gir eit pedagogisk tilbod til barn og ungdom innanfor instrumental- og songopplæring, dans, bilde og drama. Faste kurs, konsertar, utstillingar og speleoppdrag. 280 elevar og 5,5 årsverk. Lokalisert til Gullbring kulturanlegg. Kulturskulen har høg pedagogisk og kunstnarleg kompetanse i sin stab som kan inngå i tiltak og prosjekt i Den kulturelle skulesekken. Rektor er fast medlem i styringsgruppa og i arbeidsgruppa for Den kulturelle skulesekken, og har fagleg ansvar for planlegging og gjennomføring av dei lokale modulane. Kulturskulen inviterer grunnskulen inn til konsert fleire gonger gjennom året. Ansvar for gjennomføring av Ungdommens kulturmonstring. Det blir sett i gang eit nytt tilbod retta mot flyktningbarn og einslege mindreårige flyktningar hausten 2016.

Ungdomstilbod. Skatepark, Det plutselige øvingslokale (øvingskontainer) i samarbeid med Kro&Kultur og HiT. DUA (De unges arena) – konsert på Kroa eller i Gullbring planlagt og gjennomført av og med ungdom – i regi av kulturskulen.

Bø Museum. Bø Museum på Oterholt tilbyr faste og skiftande utstillingar, konsertar, foredrag, kurs og turar med lokalhistorisk vinkling. Dei faste utstillingane og samlingane fokuserer m.a. på hardingfela, felemakeriet, folkedraktene og folkekunst. Det er ønskje om å utvikle eit samarbeid mellom kommunen, skulane og museet. Brødbaking i steinovn og lokalhistoriske temaopplegg ved Bø Museum er eit ønskje frå Bø skule og Folkestad skule.

Lokalt kunst- og kulturliv. Lokale kunstnarar, bedrifter og organisasjonar er ein viktig ressurs for utvikling av gode, lokale tilbod i Den kulturelle skulesekken. Dette ønskjer vi å rette fokus mot i dette arbeidet. I tillegg er enkeltpersonar, lag, organisasjonar og kulturarenaer viktige samarbeidspartnarar i Den kulturelle skulesekken lokalt. Bø pretrinnard og Bø kyrkje er to slike arenaer som tilbyr opplegg til skulane.

Bø-skulen; dei lokale læreplanane

Det er viktig at tiltak og tilbod i skulen er i tråd med skulens overordna kompetansemål. Aktivitetar på kvar enkelt skule finansierast innanfor skulens budsjett, med prosjektmidlar eller i samarbeid med kultureininga og andre. Det er i 2016 om lag 740 elevar i grunnskulen i Bø.

Folkestad skule (ca 120 elevar 1-7)

Folkestad skule har lagt inn lokalt lærestoff i årsplanane for klassetrinna. Dette er t.d. lokalhistorisk stoff, tema med utgangspunkt i kyrkja, naturen, nærmiljøet (museet), biblioteket, turar og aktivitetar.

Bø skule (ca 400 elevar 1-7)

Bø skule har utarbeidd eigne planar for kulturformidling, kyrkjestoff og anna lokalt lærestoff som t.d. uteskule, lokalhistorisk tema som t.d. "Bygda vår før og no", årstidene, næringslivet, friluftsliv og diverse turar og aktivitetar. Desse planane blir innarbeidd i årsplanane for klassetrinna. Kvart år set 7. klasse opp ein musikal.

⁵ Fra [Film&Kinos](#) handlingsplan for [filmsatsingen](#) på barn og unge 2012-2013

Bø ungdomsskule (ca 220 elever 8-10)

Ungdomsskulen har også utarbeidd plan for lokalt lærestoff og prosjekt. Ein eigen kulturformidlingsplan gir godt oversyn over tema og aktivitetar som blir behandla på dei ulike klassetrinna; bilete/skulptur, film, musikk/dans, teater/litteratur, kulturvern, kyrkjene og lokale samarbeidstiltak. Det blir også gitt tilbod i valfaget «Sal og scene».

Bø vidaregåande skule (ca 300 elever)

Bø vgs mottar tilbod frå DKS Telemark. Det er ikkje lagt opp til lokale DKS-tilbod til Bø vgs.

3. Prosjekt delfinansiert med lokale DKS-midlar

1. Tradisjonsdans

Eit tilbod med lokale, profesjonelle folkemusikkutøvarar på 5. og 6. trinn ved Bø skule og Folkestad skule. Vi vil vidareføre dette tilbodet som gir ein dobbelttime til kvar gruppe med innføring i folkedans. Elevane får opplæring i halling, gangar og springar.

2. Visuell kunst

Det gjennomførast årleg eit bildeprosjekt i 5. klassene ved Bø skule og Folkestad skule. Prosessen blir leia av ein kunstnar i samarbeid med lærarar. Kurset gjennomførast i mars/april. Dette prosjektet fokuserer på kunst i offentlege rom og elevane skal i tillegg til eige arbeid, bli kjend med sentrale kunstverk og utsmykkingsprosjekt i offentlege rom i Bø kommune.

3. Dans

Det er utarbeida eit danseprosjekt i samarbeid mellom ungdomsskulen og kulturskulen. Kurset gjennomførast på 9. trinnet i jan/feb. Kvar klasse får 2x2 timar over to dagar med profesjonelle instruktørar frå Dansekunst i Grenland. Det er også ramme for å gi eit dagtilbod i streetdans med ein profesjonell danseinstruktør for ungdomsskulen 8-10 og mellomtrinnet 6-7.

4. Litteraturformidling og skrivekunst

Bø bibliotek vil ta utgangspunkt i eit pilot-prosjekt frå Foreningen les! ⁶, og gjennomføre eit lese-/filosofi-/samtaleprosjekt for 6. trinn. Eit djupdykk inn i ein barneroman saman med ein filosof eller liknande. Målet er at flest mogleg skal få oppleve undring og meistring i møte med litterære tekstar. Dette tilbodet vil også inkludere eit besøk på litteraturfestivalen Bøker i Bø ⁷. Nytt frå 2017.

For 10. trinn vil det bli eit møte med ein forfattar, og om det lar seg gjere; kombinere fakta og fiksjon. Avhengig av forfattar kan det og vere aktuelt med motivera skrivekurs/fanzinekurs eller liknande, og da vil arrangementet bli heildags. Nytt frå 2017. I 2017 blir tilboda delfinansiert med lokale DKS-midlar.

5. Film på timeplanen

Bø kino vil legge til rette for at 4., 7. og 8. trinn ser film på Skulekinodagen, med førebuing/oppfølging med filmstudieark og evt. møte med filmkunstnar. Eit tilbod ut over å sjå film, vil kunne delfinansierast med lokale DKS-midlar i 2017.

6. Kammermusikk i skulen

Norsjø kammermusikkfest ⁸ tar unge klassiske utøvarar og det unge publikummet på alvor og vil skape ein arena på dei unge artistane sine eigne premiss. Kammermusikkfesten tilbyr skulekonsertar med dei beste yngre utøvarane innanfor klassisk musikk i dag. I 2017 blir tilbodet delvis finansiert med lokale DKS-midlar.

⁶ <http://www.foreningenles.no/barnebokbad-grusomt-og-gov>

⁷ www.bokeribo.no

⁸ [Norsjø kammermusikkfest](http://www.norsjokammermusikkfest.no)

Aktivitetar som planleggast for skuleåret 2016-2017

Aktivitet	Skule	Trinn	2016/17	Ansvarleg	Merknader
Forfattarmøte/skriveverkstad	Bø u-skule	10	okt/nov	Ingvild	I biblioteket
Visuell kunst med Elin Håndstad	Bø og Folkestad	5	februar	Guri	
Film på timeplanen	Alle	4, 7 og 8	7.2. 2017	Anita	Bø kino
Dans med Dansekunst i Grenland	Bø u-skule	9	feb/mars	Guri	I Gullbring
Streetdans med Daniel Villadsen	Alle	6,7,8,9, 10	ope	Guri	
Tradisjonsdans med Rua/Larsen/spelemann	Bø og Folkestad	5 og 6	mars/april	Guri	
Litteratur: Lese-/filosofi-/samataleprosjekt	Bø og Folkestad	6	veke 13,14	Ingvild	Avslutning under Bøker i Bø 5. mai
Kammermusikk i skulen - konsertar frå Norsjø kammermusikkfest	Bø u-skule og Folkestad	Alle	Veke 17	Guri	

4. Evaluering og rullering

Aktivitesplanen reviderast kvart år. På grunnlag av innspel frå kulturkontaktane og aktørane, evaluerer styringsgruppa tiltak og aktivitetar kvar vår. Evalueringa vil vere førande for planar og produksjonar påfølgjande skuleår. Planen rullerast og leggast fram for behandling i utval for oppvekst og kultur kvart fjerde år.